

NR. 1

JANUAR1981

14. ÅRGANG

### JEG HAR EN VENN

*Jeg har en venn som har gitt sitt liv  
for at jeg skal få leve.  
Det finnes intet alternativ,  
det nytter ikke å streve.  
Fordi jeg lever så milevidt  
ifra Guds vilje med livet mitt  
fikk jeg dommen, slik lød den:  
«Du skal dømmes til døden!»*

*Denne dommen er absolutt,  
og jeg kan ikke anke.  
Men når jeg innser at alt er slutt  
har Gud en frelsende tanke.*


*Til jorden sender han Jesus, som  
tar på seg både min skyld og dom.  
Og når han drepes uskyldig  
blir min dødsdom ugyldig.*

*Tenk, jeg skal ikke dø fordi  
Jesus døde i stedet!  
All min dødsangst er nå forbi,  
den er byttet med glede.  
Ja, Jesus, hjelp meg å klart forstå  
at det livet jeg lever nå  
— det er d e t i t liv alene!  
Det er d e g jeg skal tjene.*

Vidar Kristensen

## GODT NYTT ÅR!

### Årsfestane i kyrkjelydane



#### ARNA

Årsfesten i Arna kyrkjelyd vert på Arna Bedehus 15. febr. kl. 18.00.

Biskop Olav Hagesæther vert gjestetalar den dagen. Sidan det er Bibeldagen, vil årsfesten markera det. Biskopen vil også ha høg-messa i Arna kyrkje om føremid-dagen. Som kjent har han tidleg-are vore prest i Arna, så mange kjenner han vel frå den tid.

#### YTRE ARNA

Årsfetsen i Ytre Arna kyrkjelyd vert søndag 1.2. kl. 17.00 i Kyrkje-lydshuset. Det vert også velkomst for den nye organisten, og elles vert det eit variert program. Film.

## Områdearbeidar i Arna og Åsane



I det siste har 25-åringen Roald Leikvoll dukka opp på ei rekke talarstolar i Arna-området. Han er tilsett som områdearbeidar av Nordhordland Indremisjon. I tillegg til meir almenne skular, har han studie og forkynnarlina på Bibelskulen i Bergen bak seg.

Jobben hans består i å vera tilgjengeleg for yngreslag, yngsteslag, skulelag, ungdomsforeiningar, bedehus og andre kristne aktivitetar i Arna og Åsane. I dette området bur 40.000 menneske, så oppgåvene er mange.

Roald har hatt spesielt god kontakt med ungdomen i Arna. Han har fleire gonger vitja Betania på Lone, halde skuleandakt på Garnes ungdomsskule, tala på ei generasjonssamling som Ard og Onesimus — dei kristne skulelaga i Arna hadde, og hatt ansvar for storsamlinga Treff 80 i Ytre Arna.

I den næraste framtid skal han tala på møteveker i Indre Arna og på Unneland. Vi vonar at denne kontakten kan halda seg framover, slik at vi får treffa Roald ofte i Arna. Guds signing over arbeidet hans!

## NY ORGANIST I YTRE ARNA

Siri Brunvoll er tilsett som organist i Ytre Arna. Ho tek til i stillinga 1. febr. Ho har høgare organistutdanning og har til no vore organist i St. Olav kapell. Vi kjem att med ei nærare presentasjon seinare, men ynskjer henne alt no velkomen i kyrkjelyden.

Ho vil saman med familien ha musikkinnslag på kyrkjelydsfesten 1.2.

Samstundes også ei takk til Solveig Tesdal som har vore vikar sidan august i fjor.

## BØN I KYRKJA

Me har rett til å be. Det er nødvendig å be. Bøn er eit viktig arbeid i Guds rike. Gud har knytt sterke lovnader til bøna, — og spesielle lovnader til felles bøn.

I Arna kyrkje er det bønestund kvar tysdagskveld kl. 20.00. Du er velkommen der!

## «MI KYRKJEBOK» TIL 4-ÅRINGAR I ARNA

Sundag 25. januar vert det familiegudsteneste i Arna kyrkje, med utdeling av «Mi kyrkjebok» til born som er døypte i 1977.

Vi inviterer her særskilt dei 4-åringane som har flytta til Arna, og som vi difor ikkje når med personleg innbyding. Heile familien er velkommen! Etter gudstenesta vert det «kyrkjebros» i Arna bedehus.



## Er kristendomen hobby — eller kva?

Eit utfordrande spørsmål.

Ja, det er det?

Men det er på tida å stilla det. Ei samtidsstudie i kristendom til kvardags har stilt spørsmålet inni meg.

Hobbyen leikar ein med i fristundene. Når arbeidsdagen er omme i butikken, fabrikk, på garden, i skulen, eller kvar det er, då tek ein fram hobbyen.

Hobbyen har si tid. Når alt hitt er unnagjort, då får hobbyen sin sjanse. Og etter ei kort tid puttar ein den attende i si skuff eller krå.

Nett slik er kristendomen for dei langt fleste.

Dei kalla seg opp att etter Kristus. Men i kvardagen løyner dei krossen. I arbeidet, dagleglivet, mellom vener, er ein oppteken med levestandard. Brød og moro har førsteplassen.

Slik er det i politikken.

Slik når ein skal velja avis. Det som gjev mest for dagen og dette liv slår ein lag med.

Aviser og vekeblad som er interessante fører ein inn i heimen. Om det er annonsar som lokkar til synd, talar nedsetjande om Bibel og vedkjening, det overser ein.

Til trøyst tenkjer ein på andaktane der er ein gong i veka.

Og fjernsyn ser du!

Film du aldri ville gå til kino for

## EVANGELISK AKSJON i Ytre Arna

Det vert evangelisk aksjon i Ytre Arna kyrkje 24.2.-1.3. Det vert møte kvar kveld. Talar vert krinssekretær i Santalmisjonen, Martin Halleraker. Anne Hilde Garnes og Arve Reigstad deltek med song.

å sjå, ser du heime! Er samvit et eitt ute og eit anna heime?

I gudsteneste, på møte og stemne, — *der* er du ein kristen!

Du går til alters og deltek i bedehuset.

Jau, ein kristen er du?

Men trua rekk ikkje så langt som til val av vener, parti eller dagsavis.

*Hobby?*

Det må vera det når ein er kristen for å verta æveleg sæl, men ikkje gjev Jesus rett til å styra livet.

Du held deg til Krsitus — på si'.

Men, som ein sa: Er *han* ein kristen, det har eg aldri visst! Kvifor? Fordi livet ikkje vitna om den Frelsaren han «på si» held seg til. Stogga då!

Du vil høyra Herren til! Har du gøymt deg i kyrkja eller bedehuset? Gå ut og ber Kristi vanære. Gå ut til han utom lægret! La lyset ditt skina for alle i og utom huset! La oss vera heildagskristne!

Då hjelper du til at både denne og neste generasjon kan ha Guds rike hjå seg.

Olav Hesjedal

## KVELDSGUDS- TENESTE I ARNA KYRKJE

I haust hadde vi ein del kveldsgudsteneste på onsdagskveldane i Arnakyrkja. Vi vil halde fram med det også framover vinteren. Den første gudstenesta vert onsdag 21. januar kl. 19.00 ved res.kap. Sundsbø. Vi vonar at ein del vil finne tid til å gå til kyrkja også ein kvardagskveld.

Ved desse gudstenestene vert det og høve til å ha dåp for dei som ynskjer det.

# Familieside

## ARNA SOKN:

### Døypte:

- 1/11-80: Kai Ivar Thunes. Døyp i Ådland kyrkje.  
23/11-80: Anders Stang, Sveinung Anthun Søreide.  
26/11-80: Steinar Algerøy, Bjørn Egil Sæle, Charlotte Rønhovde.  
30/11-80: Stein Jakob Gimmestad Erichsen, Elisabeth Åsheim og Øystein Hunnes Solhaug.  
14/12-80: Espen Bendiksen.  
21/12-80: Aina Alexandra Nakken.  
28/12-80: Linda Skistad.

## YTRE ARNA SOKN:

- 28/12-80: Heidi Emilie Omland.

## ARNA SOKN:

### Vigde:

- 22/11-80: Olav Bøe og Anne Margrete Kårbø.  
22/11-80: Arnold Johannes Kleiveland og Klara Thunestveit.  
6/12-80: Arvid Økland og Gerd Johanna Lohne.  
27/12-80: Jan Ivar Rødland og Eldbjørg Kvandal.  
30/12-80 Arve Reigstad og Anne Hilde Barnes Johnsen.

## ARNA SOKN:

### Døde:

- 26/11-80: Julius Mostrøm, f. 1910.  
28/11-80: Birgit Herland, f. 1890.  
7/12: Konrad Romslo f. 1901.  
Anders Bergstrøm f. 1890.  
20/12-80: Lars Fossmark, f. 1923.

## Ofringane i kyrkjelydane våre

### ARNA:

- 23/11: Arna kyrkjelyd kr. 927,-  
30/11: Arna kyrkjelyd kr. 580,-  
30/11: Norges Kr.

- Ungdomsforbund kr. 1237,-  
7/12: Bjørgvin Stiftssenter kr. 874,-

- 7/12: Arna diakonutval kr. 2296,-  
14/12: Arna Bedehus kr. 1320,-  
21/12: Arna kyrkjelyd kr. 787,-  
24/12: Kirkens Nødhjelp kr. 8523,-  
25/12: Det Norske

- Misjonsselskap kr. 4427,-  
28/12: Arna kyrkjelyd kr. 563,-

### YTRE ARNA:

- 23/11: Menighetsfakultetet, kr. 601,-  
30/11: Norges Kr. Student- og Skoleungdomslag kr. 697,-  
14/12: Julekonserten kr. 1622,-  
24/12: Kirkens Nødhjelp kr. 3732,-  
25/12: Det Norske Misjonsselskap kr. 1211,-

Presten  
har  
ordet

Øyvind Øy.



## Til anonyme kristne

Rundt om i våre kyrkjelydar er det mange anonyme kristne, og vi har grunn til å tru at det er slik i kyrkjelydane i Arna og. Men det normale for den som vil vere ein kristen, er å gje uttrykk for det ved å vere med der truande samlast.

Den som vil prøve å bryte ut av eit isolert tilvære som kristen, vil nok diverre finne «høge dørstokkar» både i kyrkje og bedehus. Dørstokken er kan hende høg heime hjå deg og når du skal ut for å finne fellesskap med andre kristne. Når eg tilskyndar deg til å ta skrittet inn i eit fellesskap med andre kristne, er det fordi det vil vere til hjelp og glede for seg sjølv og til fornying for arbeidet i våre kyrkjelydar.

Vi har mange mindre grupper i våre kyrkjelydar, både bibelstudiegrupper, misjonsforeningar og bønegrupper. Dei er eit alternativ for dei som ynskjer eit mindre fellesskap. Rundt på dei mange bedehusa i Arna er det regelmessige samlingar om Guds ord. Mange vil nok finne at gudstenesta søndag føremiddag er den mest naturlege samlingsstaden. Og eg vonar at mange vil bryte ut av eit isolert tilvære og finne sin


plass i eit levande kristent fellesskap.

Dette er naturlegvis også ei utfordring til oss som er aktivt med i arbeidet i kyrkjelyden, så vi kan vere opne for å inkludere nye og møte dei med omsorg og varme, og den sida ved spørsmålet vil eg ta opp ved eit seinare høve.

## Konfirmantheleg på Kvamskogen

18 konfirmantar, 2 prestar, 1 1/4 kateket og 7 «friske» ungdommar var på konfirmantheleg på Kvamskogen 7.-9. nov.

Ei fin helg hadde vi saman både i skjemt og alvor. Biletet viser nokre konfirmantar som skal fortelja soknepresten kor mange erter det er på glaset dei har i handa.



## Garnes barnerøyster

Ved familiegudsteneste i Arna kyrkje søndag 25. januar, vil Garnes barnerøyster ta del med song. Redaksjonen har kontakta Kjellaug Haugsdal, ein av leiarane for koret, og ho fortel då dette:

Garnes barnerøyster starta opp 7. oktober 1980. Dette var etter oppmoding frå ein del foreldre i Garnesområdet.

Øvingane har vi kvar tirsdag kl. 17.00-18.00 i musikkrommet på Ungdomsskulen. Aldersgruppa er 4-10 år. Omlag 30 born har møtt fram kvar øving, og det er god plass til fleire. I tillegg til sjølv songøvinga, har vi ei kort andakt, enkelte gongar lysbilete, opplesing, bollar og saft høyrer også med.

Vi syng enkle kristne barnesongar med musikk til.

Barnerøyster song ved ei juleavslutning i bedehuset Indre Arna, juleavslutning i barneparkering Seimsmark og ved julefest for barneskulen på Garnes.

Si startar opp øvingane etter nyttår tirsdag 13. januar kl. 17.00. Gamle og nye medlemmer er hjarteleg velkomne.

### ARNA SPAREBANK

Indre Arna · Espeland · Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866  
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt  
beste gjennom 115 år.

## Hvem er vi?

*Hvem er vi og hvorfor er vi her?  
Se på himmelen over deg,  
den har ingen ende,  
se på jorden, sola og månen,  
la oss se på blomstene som blomstrer,  
kua med alle sine mager,  
sjøen og landet, solskinn og kulde,  
hva er det som får seg til å tro  
at mennesket har laget alt dette og  
at det er vi som har makten.*

Arne M. Rebnord

## Marit Gilje til Sudan

Marit Gilje som er lærar på Ådnamarka skule og m.a. med i Arna sokneråd, har reist til Sudan for Kirkens nødhjelp der ho skal vere lærar for norske born. Ho er førebels engasjert for eit halvt år.

## RAGNAR TESDAL KAPELLAN PÅ VOSS

Ragnar Tesdal er einaste søkar til den ledige kapellanstillinga på Voss. Han gjer no sivilteneste på Ammerud i Oslo, og reknar med å ta til på Voss til hausten.

## ARNATVEIT AUTO SENTER

J. B. Myklestad  
5260 INDRE ARNA  
Telefon 24 07 40 — Privat 22 69 01

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossagt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

## VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,  
avd. Arna

## EPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

## EPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørgeres oppsatt.

Assurandør

## OLAV A. HOVDEN

Er autorisert rådgiver i forsikring. Han hjelper Dem med alt innen forsikring, finansiering, og leasing. Ring, stikk innom eller send noen ord.

Storebrand  Idun

for sikkerhets skyld

Postboks 17, 5260 Indre Arna  
Telefon 24 15 32 — Privat 23 08 11

## ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss De også. Vi gir god service.

## Kversøy Bilforretning

EPELAND  
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

## ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

# Velkommen til kyrkje



## 18. JANUAR:

Arna kl. 11: sokneprest Øy. Nattverd. Kyrkjekaffi. Barnevakt.

Ytre Arna kl. 11: res. kap. Sundsbø. Barnevakt.

## 21. JANUAR:

Arna kl. 19: Kveldsgudsteneste ved res.kap. Sundsbø. Dåp.

## 25. JANUAR:

Arna kl. 11: familiegudsteneste ved res.kap. Sundsbø. Utdeling av «Mi kyrkjebok».

Offer til Institutt for kristen oppseding.

Arna kl. 19: Ungdomsgudsteneste.

Trengereid kl. 11: sokneprest Øy. Nattverd.

## 1. FEBRUAR:

Arna kl. 11: sokneprest Øy. Nattverd. Barnevakt. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

Ytre Arna kl. 11: familiegudsteneste ved res.kap. Sundsbø. Offer til Bjørgvin Bispedømeråd.

## 8. FEBRUAR:

Arna kl. 11: res.kap. Sundsbø. Barnevakt.

Ytre Arna kl. 11: sokneprest Øy. Nattverd.

Unneland kl. 16.30: Res.kap. Sundsbø.

## 15. FEBRUAR:

Arna kl. 11: Biskop Hagesæther. Nattverd. Barnevakt. Offer til Bibelselskapet.

Ytre Arna kl. 11: res. kap. Sundsbø. Barnevakt. Offer til Bibelselskapet.

Trengereid kl. 11: sokneprest Øy.

### ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10 – 11.30

Torsdag kl. 17.30 – 19.00

Prestekontoret Ytre Arna, Gamlevegen 8: Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Tysdag 17.00 – 18.00 og fredag 09.00 – 10.00.

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna

Redaksjonsnemnd: Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Sylvi Sæle,  
Ragnhild Rismyhr, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff nr. 2 1981: 1. febr., nr. 3, 1. mars.

Prioritert blad